

Vekeplan 2. trinn – veke 51

15. - 19. Desember 2025

Informasjon

- Ting å hugse denne veka:
 - Måndag 15.12 er det øving på samfunnshuset på dagen.
 - Tysdag 16. desember er det Eldrefest (10.00 - 12.00).
 - Torsdag 18. desember er det julefest på Samfunnshuset kl. 18.00. Elevane bruker inngangen på baksida av samfunnshuset. Elevane bør være på plass før 17.30. Dei blir møtt av Aud Jane eller Renate. Hugs å ta med dykk kostymer og utstyr når de går heim frå samfunnshuset.
 - Fredag 19. desember er siste skuledag før jul. Elevane sluttar til vanleg tid kl 12.40. Det blir songsamling sjå 3. klasse i 2. økt. Hugs vanleg matpakke til lunsjen. Elevane kan ha med seg litt kosemat til siste time: kjeks, popcorn, chips, småkaker og ei lita brus. Ingen tek med seg snop.
- Leksene denne veka er å øva på replikkane til du kan dei utanåt.
- Eg vil nytta sjansen til å ønskja dykk alle ei fredeleg og god jul. Hugs - det er god trening i å lesa, spele brettspel og kort i juleferien. Jula mi blir i Bergen saman med mannen min og gutane mine. Eg reiser opp allereie 17.12 og blir der til over nyttår. Eg kjenner det hjelper godt på eit kaotisk hovud å få komma innom i klassen innimellom. Der kan eg berre vera Aina og treng ikkje tenkja på så mykje anna. Der har me rutinane våre, og elevane veit kva forventningar eg har til dei. Takksam for at noko er som normalt i all kaoset.
- Første skuledag etter ferien er måndag 5. Januar 2026.

MÅL

Norsk	Eg kan replikkane mine og og veit kva tid eg skal seie dei.
Sosialt	Eg oppfører meg fint og gjer det eg skal sjølv om dette er ei uvanleg veke.

	tid	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
1	08.15-09.15	Øving	Øving	Norsk	Øving	Leik og moro
	09.15-09.45	Øving	Øving	Engelsk	Øving	Leik og moro
	09.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
2	10.00-11.00	Øving	Eldrefesten	Øving	Musikk	Songsamling
	11.00-11.15	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
	11.15-11.40	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
3	11.40-12.40	Øving	Kunst og handverk	Uteskule	Matematikk	Kos!
	12.40-13.10		Kunst og handverk			